



Meland kyrkjekontor

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/153 - 18/2076

Saksbehandlar:
Randi Helene Hilland
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:
02.02.2018

Kyrkje på Frekhaug, mogleg intensjonsavtale om gjennomføring

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland
konsulent

Andre mottakarar:
Meland kyrkjekontor

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FA - D13	18/153

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
07/2018	Formannskapet	PS	31.01.2018

Kyrkje på Frekhaug, mogleg intensjonsavtale om gjennomføring

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I KS-vedtak sak 117/2017 den 13.12.2017, budsjett 2018 og økonomiplan 2018 - 2021, er det løyvd i alt kr 70 mill investeringsmidlar til bygging av ny kyrkje på Frekhaug. Rådmannen er innstilt på at Kyrkjeleg Fellesråd (Soknerådet) frå det heile og fulle ansvaret for planlegging, prosjektering og bygging av den nye kyrkja. Disponering av dei kommunale investeringsmidlane må i så fall regulerast i ein eigen intensjonsavtale mellom Meland kommune og Kyrkja. Ein slik avtale krev ein grundig gjennomgang av ulike formalitetar. I første omgang ønskjer rådmannen å få avklart premissane for ein eventuell avtale.

Lovverk

Nordhordland Revisjon IKS er kontakta og har gjeve følgjande tilbakemelding:

Kommunen kan utgiftsføre investeringstilskot til kyrkjeleg fellesråd i investeringsrekneskapen og lånefinansiere dette når formålet er innafor kommunelova § 50. Heimel for lånefinansiering framgår av kirkeloven § 15, jfr KRS 4 pkt 1.5. Heimel for å utgiftsføre investeringstilskotet i kommunen sin investeringsrekneskap framgår av KRS 4 pkt 3.2.10. Investeringstilskotet skal ikkje førast i kommunen sin balanse, jfr. KRS 4 pkt. 3.2.1.

Vi har såleis ikkje merknader til at kyrkjeleg fellesråd får investeringsmidlar frå kommunen til ny kyrkje i samsvar med ein underliggjande avtale.

Føringar for bruk av midlane

Det er sett av kr 70 mill til kyrkje i det kommunale investeringsbudsjettet. I tillegg er det i tidlegare budsjett sett av kr 2,583 mill til tomtekjøp, av ein totalsum på kr 3,5 mill for kjøp av sentrumsareal. Soknerådet har lagt til grunn at kyrkja stiller med kr 16 mill til prosjektet.

Rådmannen ser på totalsummen på kr 72,583 mill som ei absolutt ramme, på vilkår av at eigenandelen på kr 16 mill blir nytta fullt ut. Eventuelle overskridingar må heilt og fullt vere kyrkja sitt ansvar. Til gjengjeld har kyrkja fridom til å utforme og innreie kyrkja slik dei ønskjer, innafor gjeldande saksbehandlingreglar og rammer i planar og forskrifter når det gjeld høgder, avstandar, tekniske krav, estetikk, nabohøve mm.

Prosjektomfang

I tillegg til oppføring og innreiing (fast innreiing) av sjølve kyrkjebygget må prosjektet omfatte all infrastruktur og tilhøyrande utomhusareal som er nødvendig for å få eit fullverdig bygg. Dette inkluderer mellom anna vegtilkomst, parkering, parkanlegg, straumforsyning / anna kabling, vatn og avlaup, og eventuelle andre krav som blir fastsett i reguleringsplan.

Tomt

Rådmannen vil sjå til at det blir sett av areal til kyrkja i det pågåande planarbeidet for Langelandsskogen og del av sentrum. Tidlegare tomtealternativ sør-vest for Gløde er uaktelt då det ikkje lukkast å komme fram til avtale med grunneigar.

Drift av bygget

Kyrkjebygget må utformast på ein måte som sikrar god og effektiv drift med låge driftskostnader. Dette må utgreiast og estimerast i samband med prosjektering av bygget.

Prosjektstyring

Kyrkjeleg Fellesråd (Soknerådet) får det fullstendige prosjektansvaret for utbygginga, medrekna byggherrestatus. Kommunen må bli orientert jamnleg gjennom rapportering på framdrift og økonomi. Rapporteringsrutinane må detaljerast meir i avtalen.

Vurdering

Rådmannen meiner det er ei god løysing å overlate gjennomføringa av prosjektet til Kyrkja. Det må setjast opp ein avtale som detaljerer punkta nemnd over her, og eventuelt andre punkt som kyrkja eller rådmannen ser det er nødvendig å ta med.

Folkehelse: Ikkje relevant i denne saka

Miljø: Ikkje relevant i denne saka

Økonomi: Kan gjennomførast i tråd med budsjett og økonomiplan

Konklusjon

Dersom formannskapet er samd i premissane for ein slik intensjonsavtale, slik dei går fram av saksutgreiinga, vil rådmannen arbeide vidare med eit konkret avtaleutkast som blir lagt fram for formannskapet for godkjenning. Arbeidet vil foregå i samråd med kyrkja.

Framlegg til vedtak:

«Formannskapet godkjenner at Kyrkjeleg Fellesråd (Soknerådet) får tilbod om å overta prosjektansvaret for bygging av kyrkje på Frekhaug, i tråd med intensjonane i saksutgreiinga. Det endelege avtaleutkastet skal godkjennast av formannskapet.»

Formannskapet - 07/2018

FS - behandling:

Tilleggsframlegg frå FrP, H, KrF, SP:

Tomt må kommunen framskaffa utanom ramma på kr 70 mill.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå FrP, H, KrF; SP fekk 4 røyster for, (FrP, H, KrF, SP), 2 røyster mot, (AP), og er såleis vedteke.

FS - vedtak:

Formannskapet godkjenner at Kyrkjeleg Fellesråd (Soknerådet) får tilbod om å overta prosjektansvaret for bygging av kyrkje på Frekhaug, i tråd med intensjonane i saksutgreiinga. Det endelege avtaleutkastet skal godkjennast av formannskapet.

Tomt må kommunen framskaffa utanom ramma på kr 70 mill.